



Informasjonsmøte

Me ønskjer ungdom og foreldre/føresette velkommen til informasjonsmøte om konfirmasjon i kyrkjene på Bømlo i 2021

Her får de vita meir om konfirmantopplegget i kyrkja.

Moster kyrkje	11. mars kl. 18.30
Bremnes kyrkje	17. mars kl. 18.30 For Bremnes og Lykling sokn
Bømlo kyrkje	17. mars kl. 18.30

Korleis melder ein seg på til konfirmantåret?

Etter informasjonsmøtet melder ein seg på til konfirmasjon via kyrkja si nettside, www.bomlo.kyrkja.no.

Påmeldingsfrist: 10.mai

KONFIRMANT
Bømlo 2021

Konfirmasjon i kyrkja handlar om å utforska kristen tru og dei store spørsmåla i livet. Du er velkommen til konfirmasjon i kyrkja uansett om du trur, tviler eller berre er nysgjerrig. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og Gud. Me snakkar om livet - på godt og vondt.

I løpet av konfirmantåret er du med på leir på Statsraad Lehmkuhl, gudstenester, undervisning, miljøtiltak, konfirmantfestival, fasteaksjon og nokre samlingar for både konfirmantar og foreldre. Detaljert årsplan vert utdelt ved oppstart av konfirmantåret i august.

Bli med på ei spanande reise fram til konfirmasjonsdagen våren 2021!



Er du ikkje døypt? Du er velkommen til å vera med i konfirmanttida sjølv om du ikkje er døypt. For å bli konfirmert må du vera døypt. Kvart år blir fleire konfirmantar døypt hos oss. Ta kontakt med kyrkjekontoret, så finn me ein fin måte å gjennomføra dåpen.

Konfirmantavgift: kr. 2000,-

Dette dekkjer leir på Statsraad Lehmkuhl, utgifter ved innkjøp av konfirmantmateriell, stell av konfirmantkappene og Konfirmantfestivalen.

Me ynskjer ikkje at prisen skal vera avgjerande for om du vel å vera konfirmant eller ikkje. Det kan søkjast om støtte til konfirmantavgifta eller beløpet kan delast i to. Ta kontakt med kyrkjekontoret.

Behov for tilrettelagt konfirmantundervisning?

Dersom du har behov for det, ordnar me med tilrettelagde løysingar for konfirmantundervisninga. Det er viktig at me får beskjed i god tid, slik at me kan lage eit best mogleg opplegg. Gje oss nokre stikkord i feltet "Litt om deg", send ein e-mail eller ta kontakt med kyrkjekontoret.

Invitasjonen er sendt ut til deg som er medlem eller har foreldre som er medlem i kyrkja.

Kyrkjekontoret

53 42 32 90 kyrkja@bomlo.kommune.no

Velkomen som konfirmant i kyrkjene på Bømlo!

Med venleg helsing sokneråda og dei tilsette i kyrkjene på Bømlo

